



FUSA KOMMUNE

Kultur

Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
Boks 7900
5020 BERGEN

Løpenummer : 14/7396
Arkivkode : FE-120, FA-C00, TI-&13
Sakshandsamar : Erik Vangnes
Direktenr. tlf. : 56580153

Dato : 30.09.2014

Vår ref.:
Saksnr.: 14/854 - 3
(Oppgi "vår ref." når De tek kontakt om saka.)

Dykkar ref.:
2014/1442-7

HØYRINGSUTTALE FRÅ FUSA KOMMUNE

Premiss: Kultur – Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025

Formannskapet i Fusa kommune har i sak 034/14 den 24.9.14 gjeve slik uttale i samband med høyningsrunden for Regional kulturplan for Hordaland:

Det er gledeleg at Hordaland no får ein heilskapleg plan for ei framtidsretta kultursatsing.
Premiss: Kultur har gode analysar av dei kulturpolitiske utfordringane på ei rekke felt med tilhøyrande satsingar og målformuleringar.

Kommunereform

Kommunane har i følgje kulturlova eit særleg ansvar for å følgja opp fagfeltet kultur og kulturplanen peikar i ulike samanhengar på kva som er eit kommunalt og lokalt ansvar. Kommunane i Hordaland er av særstak storleik og med ulike ressursar. Planen problematiserer i liten grad kva evne kommunane har til å følgja opp det store og samansette kulturfeltet, der ein ser at det i dag er klare A- og B-lag i kulturpolitikken. Ei kommunereform kan koma til å endra dette bilete i løpet av planperioden.

Spaserstokken

Det blir sagt at det er eit mål at "ein større del av befolkninga tek del i kulturlivet". Vi saknar ei grundigare analyse på dette punktet. Den kulturelle spaserstokken er ikkje nemnd i planen sjølv om dette er eit innsatsområde som fylkeskommunen nyss har overteke forvaltninga av. Vi vil meina at burde vera eit eige tiltak for Spaserstokken under *Innsatsområde 5 Inkludering* med kulturtildel til eldre, både heimebuande og på institusjon, som eige fokusområde.

Kollektivløft=kulturløft

Folkehelseperspektivet innan kulturfeltet handlar m.a. om lik tilgang til kulturtildel. Då er både gratisprinsipp, bygg, innhaldsproduksjon og drift av kulturinstitusjonar viktig, men transport vert heilt avgjerande for å kunna ta del i kulturtildoda. Gang og sykkelvegar er nemnt i planen og må byggjast meir ut i åra som kjem, men i meir grisgrendte strok av fylket er

Besøksadresse:
Kommunetunet

Postadresse:
P.b 24
5649 EIKELANDSOSEN
E-post: postkasse@fusa.kommune.no

Fusa Kommune:
Organisasjonsnr.: 964 968 896
Bankgironr.: 3420 07 00920

manglande kollektivtilbod det største problemet for deltaking og ”aktive val”, dette gjeld særleg barn og unge og eldre.

Lågare prisar i kollektivtransporten kjem i 2015 i visse sentrumsnære område, men det er ein mager trøst når rutetilboden er mangelfullt både på kveld og helg. Her må det ei samordning til mellom fleire fylkeskommunale etatar. For å nå målet om å ”skape trygge, attraktive og stimulerende nærmiljø” treng vi også eit ”kollektivløft” og vi etterlyser eit tiltak for dette under *Innsatsområde 2. Arenautvikling – infrastruktur*.

Museum

Skal ein styrka musea og vidareutvikla gjeldande satsingar innan museumsløftet må ein få til ei betre samhandling med kommunane. Fusa er har Hordamuseet/ Bymuseet som ansvarsmuseum. Her er det ingen etablerte nettverk i form av faste møtepunkt eller formelle samarbeidsorgan.

I planen er det sagt at i realiseringa av museumsløftet er det ”ein føresetnad at dei andre kommunane i Hordaland løyver midlar til museum i sin region” (s. 42). Fusa kommune var i si tid med på å finansiera oppbygginga av Hordamuseet. Skal det vera interessant å vurdera tilskot til drift av museet må ein først få ordninga med ansvarsmuseum for Midhordland til å fungera med ein betre dialog med kommunane. For Fusa sin del vil spørsmålet om økonomiske bidrag også vera ei vanskeleg økonomisk prioritering. Tronge kulturbudsjett gjer at ein i utgangspunktet prioritærer tiltak som stimulerer til aktivitet lokalt i Fusa.

Handverk

Ein saknar ei tydelegare synleggjering og prioritering av handverk innanfor område 5.5. *Kulturminnevern og museum*. Det gjeld både vidareføring av tradisjonshandverk og det ein kan kalla folkekunst. Å blanda t.d. bokkarhandverk og båtbygging under tema tradisjonsuttrykk saman med hardingfelespel kan ikkje vera føremålstenleg.

Fusa kommune finn det også underleg at ei fylkeskommunal storsatsing som Economuseum ikkje er nemnd i planen, korkje i punkt 8 *Kulturbasert næringsutvikling/ Kulturnæringar* eller 22 *Kulturuttrykk*. Economuseum er ein god måte til å sikra både vidareføring av handverkskunnskap og å stimulera til ny verdiskaping i tradisjonsbaserte næringar, og bør stå sentralt i ei fylkeskommunal satsing på dette området.

Idrettshallar

Det går fram av planen at det er 8 kommunar som ikkje har idrettshallar og at desse kommunane vil verta prioriterte for tilskot frå spelemidlane. ”For å sikre ei god ressursutnytting, bør nye idrettshallar plasserast sentralt, og vere knytt til skular” (*Pkt 39 Anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv*). Fusa kommune er ein av desse kommunane som manglar idrettshall og vi vil meina at dette er ei riktig prioritering for å hjelpe dei mindre kommunane til å bygga denne typen anlegg.

Planavklaring

Fylkeskommunen har med denne planen gjort eit radikalt og klokt grep i arbeidet sitt med planar på kulturområdet. Det må då vera rett at fylkeskommunen, som ei oppfølging av planen, kjem med eit avklarande råd til kommunane for korleis ein best skal følgja opp med planar på kommunenivået. I den regionale kulturplanen er det forventningar om eigne kommunale delplanar både for kulturminnevern og for idrett, friluftsliv og fysiske aktivitet.

Denne typen planar og politiske prosessar er svært ressurs- og arbeidskrevjande. Kanskje er det vegen å gå også for kommunane å samla fleire tema i same planen, men då må det koma avklarande retningslinjer frå regionalt og statleg nivå. Først då kan kommunane gjera sine prioriteringar ved rullering av lokale planstrategiar.

Til orintering så har planen også vore framme som sak i ungdomsråd og rådet for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne. Saka går også vidare til kommunestyremøte 16. oktober.

Med helsing

Erik Vangsnes
Kulturleiar